


Austebygd barnehage, 30.11.16

Info til heimane i Austebygd barnehage



Ny matordning på turdagar i Austebygd barnehage.

Frå neste veke (veke 49) vil barnehagen sjølv ordna med maten til barnehageborna når me går på tur. Det blir altså ikkje lenger lagt opp til at borna treng å ha eigen matpakke med på turdagane ☺

Den matpakkeordninga me har hatt til no, "heng igjen" frå tidlegare. Då vedtok ein på foreldrerådsmøta kvar haust matpengesatsen for sin barnehage, for det nye barnehageåret. Dei siste åra har det vore lik matpengesats for heile kommunen, vedteken på kommunenivå.

Spørsmålet om matpakke heimanfrå på turdagar, har nyleg blitt tatt opp av foreldre i barnehagen. Me har også hatt ein liten telefonrunde til dei andre barnehagane, som har bekrefta at det også der er slutt på at barn må ha matpakke med seg heimanfrå på turdagar.

Førstkomande tirsdag skal personalet ha avdelingsmøte på ettermiddagen. Me vil då m.a. planleggja organiseringa rundt maten på turdagar. Blir nok ikkje så spennande matpakkar som ein del kanskje er vane med, men me skal nok få det til ☺



Med venleg helsing

Torunn Tolleshaug Hovden og resten av barnehagepersonalet.